

Oslo, 24. februar 2011

Rettskrivingsnemnda, Norsk språkråd

## Om framlegget til ny nynorsk rettskriving

Vi takkar for invitasjonen og høvet til å kommentere framlegget til ny rettskriving for nynorsk. I all hovudsak må vi få seie at vi synest framlegget er både fornuftig og balansert, og vi er glade for at vi kan slutte oss til det aller meste.

Vi vil nøyne oss med å seie noko om fire av dei punkta nemnda spesielt ber om kommentarar til i høringslysinga. Det gjeld punkta om diftongformer, *dykk* som subjektsform, høgfrekvente ord av typen *skule/skole* og kløyvd infinitiv. Vi har dessutan ein del kommentarar til framlegget om å innføre eineformer i preteritum av ein del j-verb og e-verb som i dag valfritt kan ende på –de eller –te i preteritum.

- ✓ **De/dykk:** Vi trur ikkje det er lurt å innføre *dykk* som valfri subjektsform. Vi får heller tåle at det av og til blir feil.
- ✓ **Kløyvd infinitiv:** Vi synest det er uproblematisk om kløyvd infinitiv blir ført vidare i den nye norma. Ettersom infinitivsforma likevel skal ha valfri ending på –a eller –e, verkar ikkje mellomvarianten med kløyvd infinitiv avvikande. Vi trur dette systemet kan gjere nynorsken lettare for dei som har kløyvd infinitiv i dialekten, og det forstyrrar ikkje andre.
- ✓ **Monoftong/diftong:** Monoftongformer som *høre, øre, kjøre, drømme, strømme, glømme, flom, dø, skjør, trøtt, elvebredd* osv. må etter vårt syn framleis kunne vere

jamstilt med dei tilsvarande diftongformene i nynorsk, slik dei er i dag. Det vide talemålsgrunnlaget, langt på veg også bruken i skrift, taler for det. Mange av desse orda er meir frekvente, så framleggget rammar dei som bruker éi eller fleire av desse formene, vel hardt. Det verkar rart i same sveipen å stryke ei form som *skjør* til fordel for *skøyrs*, som vi vel må kunne seie er på veg ut av vanleg bruk. Vi kan ikkje sjå at denne typen valfridom skaper vanskar for nokon i nynorsk, heller tvert om.

- ✓ **Frekvente bokmålslike former:** Det bør etter vårt syn vere rom for både *skole*, *mye*, *noen*, *bare* og *gjøre* side om side med *skule*, *mykje*, *nokon*, *berre* og *gjere* i nynorsk, kanskje fleire med. Den store utbreiinga i dialektane må vege tungt og tyngre enn bruksfrekvensen i skrift for desse formene. Dei er ikkje minst viktige som inkluderande signal i norma. Vi synest det kunne vere greitt om nemnda følgjer prinsippet i 2002-framleggget om å halde på slike jamstilte former for meir frekvente ord.
- ✓ **Preteritum på –te eller –de:** Vi trur det ville vere bra om alle verba som i dag har valfri preteritumsending på –te eller –de, framleis kan bøyast på –te i tråd med det som dominerer i talemålet. Ein del av dei kan godt ha valfri bøyning på –de, men vi trur ikkje det er så lurt å stengje for bøyingsformer som nok mange vil finne det naturleg å bruke. I NPK rår vi journalistane til å gjennomføre bøyning på –te på alle desse verba, men gir òg rom for å bruke former på –de. Rettskrivningsnemnda har foreslått obligatorisk preteritum på –te for ein del av verba og på –de for j-verba, e-verba med stammeutgang på m og ein del av e-verba med utgang på n. Det trur vi blir komplisert for mange og vanskelegare i enn i dag. Det verkar unødvendig strengt at former som *rømte*, *stemte*, *ringte*, *stengte*, *svømte*, *nemnte*, *selte*, *kjente*, *tente* (tenne) og *brente* skal vere feil i nynorsk.

Det har vore sagt ein heil del om «vestlandifisering» av nynorsken, så vi skal ikkje rippe opp i det her. Vi nøyer oss med å seie at vi trur det er uheldig om norma får ein meir ekskluderande profil. Nynorsknorma bør vere slik at *dei fleste* kan halde fram med å skrive omtrent slik dei gjer i dag, ikkje berre fleirtalet.

Vi trur det er ein vanskeleg normeringsstrategi å prøve å «demme opp» for visse former og utviklingstendensar, det gjeld i dette tilfellet ein del former som får lik skrivemåte i bokmål og nynorsk. I tillegg til dei vi alt har nemnt, synest vi at nemnda har vore streng når ho har sett strek over valfrie former som *alter* (altar), *male* (måle), *hjerte*, (hjarte/hjarta), *dråpe* (drope) og *tåle* (tole). Særleg blir det feil når former som står svakt i talemålet, slik som *hjarte/hjarta*,

får stå utan at den dominerande talemålsforma, *hjerte*, er med. Mange vil nok bruke desse formene likevel.

Vi ønskjer nemnda lykke til med innspurten!

For redaksjonen i Nynorsk pressekontor  
Hallvard Østrem (sign.)